



Minnesteine med initialar.

Foto: Rolf Erik Veka.

## MINNESTEIN I BERGSDALSVEGEN

---

Rolf Erik Veka

---

I Bergsdalsvegen står det ein minnestein som er ukjent for dei fleste i bygda. Steinen står ca. 500 m nedanfor Storefossen, like ovanfor Storesvingen. På steinen er det hogd inn T A og ein kross.

Kva og kven er den til minne om?

Det var ei gåte som ikkje var lett å løysa. Etter ein gjennomgang av lensmannsprotokollar frå Bruvik kom løysinga.

Mannen var Torger Andriasen, fødd 12 mars 1884 i Nordre Land, Oppland.

Ulukka hende søndag 1. mars 1922. Og den vart innmeldt til lensmann 3 mars frå overingeniøren i Hordaland vegvesen. Saka vart etterforska av lensmann i Haus

og henlagt 27 mars. At det var lensmannen i Haus og ikkje Bruvik som etterforska sak er ikkje kjent..

Skulle tru at både hendinga og steinen var kjent for dei fleste i bygda, men slik var det ikkje. Mange har gått Bergsdalsvegen i ein mannsalder utan å veta om den. Nokre hadde høyrte om det, m.a. John Eliassen. Han hugsa at faren fortalde om ulukka og at det hende under utbetring av Bergsdalsvegen i samband med start av arbeidet på Storefossdammen.

Erling Knutsen mintes frå far sin at ulukka skulle ha skjedd på ein søndag og at den forulykka vart transportert med hest til Dale stasjon og send med toget. Sidan ikkje bygdefolket hadde noko særleg kjennskap til hendinga gjekk ein ut frå at han ikkje var heimhøyrande i området. Han var heller ikkje å finna i kyrkjebøkene.

Svein Helle fortalte etter Per Hatlestad at ulukka hende ved utvidning av svingen. Det vart utført ein del sprengingsarbeid. Under reinsking var det ei blokk som dei ikkje fekk laus, og dei let ho henga og gjekk til mat. I matpausen gjekk Torger tilbake for å henta noko, då losna blokka og han fekk ho over seg.

Ved oppsett av fyrste forstøttningsmur vart steinen mura inn. I 1985-86 flytte Svein Helle og Olav Bergstad steinen opp der han står i dag. Torbjørn Fosse har i alle år slått og rydda rundt steinen. Likeeins måla inskripsjonane.



Minnesteinen til høgre i bilete.

Foto: Rolf Erik Veka.